



Charlotte Kvinge-Dalland
Dalland 50
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2717 - 23/37115

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
12.05.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 437/5 Dalland

Tiltak: driftsbygning
Byggjestad: Gbnr: 437/5
Tiltakshavar: Charlotte Kvinge-Dalland
Ansvarleg søkjar: Charlotte Kvinge-Dalland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.03.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan som er målsett og målestokkrett, der ytre hovudmål på planlagt tilbygg til driftsbygg er påført. Der horisontal minsteavstand til senterline kommunal veg er påført jf. skriv frå avd. samferdsle, veg, vatn og avløp datert 26.04.2023. Vi legg ved eit kartutsnitt i målestokk 1:500 som de kan nytte.
2. De må opplyse om det totale bruksarealet (BRA) for planlagt tilbygg (nybygg) samt eksisterande driftsbygg som de bygger på.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Då det er naudsynt med dispensasjon frå veglova § 29 (avstand til vegmidte kommunal veg) kan det ikkje gjevast løyve til tiltak etter plan- og bygningslova før dette ligg føre, søknaden vert ikkje å rekne som komplett før det ligg føre dispensasjon etter veglova.

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar Arealforvaltning

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

kartutsnitt gbnr 437_5

Mottakarar:

Charlotte Kvinge-Dalland	Dalland 50	5936	MANGER
Charlotte Kvinge-Dalland	Dalland 50	5936	MANGER
Christian Heldrane Kvinge Dalland	Dalland 50	5936	MANGER